



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3706 - 19/5278

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
19.02.2019


## Oversender vedtak til klagevurdering - gbnr 117/28, 117/29, 117/32 Rosnes

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 (det generelle byggjeforbodet i strandsona) for etablering av felles avløpsanlegg for eigedomane gbnr 117/28, 117/29 og 117/32. Det skal etablerast felles minireinseanlegg, avløpsleidningar fram til felles anlegg og utleppsleidning til sjø.

Situasjonskart



Utsnitt frå kommuneplanen



### Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert LNF-føremål.

Tiltaket krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 (det generelle byggjeforbodet i strandsona).

#### **Uttale**

Saka har ikkje vore send på høyring.

#### **Administrativ handsaming**

Det vart i administrativt vedtak saknr 096/19 datert 19.01.2019 gitt dispensasjon slik det vart søkt om.

Det vart gjort følgjande vedtak:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av felles avløpsreinseanlegg slik det er søkt om.**

**Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.**

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post [anne.lise.molvik@lindas.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no) eller på telefon 56 17 56 40.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl § 1-8 for etablering av avløpsanlegg - gbnr 117/28, 117/29 og 117/32 Rosnes

**Kopi til:**

Atle Hevrøy	Maurhaugen 20	5281 Valestrandsfossen	
Else Marie Othelie Svanevik	Sælenveien 91	5143	FYLLINGSDALEN
Ragnhild Aase Jensen	Nylundsveien 16	5162	LAKSEVÅG

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------